




# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for oktober 2007

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Årgang 43

<http://www.hareid.rotary.no>



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Åge Nytun  
Visepres: Johan Ole Brandal  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Hans Gisle Holstad  
Styremedlem: Oddvar Haugen  
Styremedlem: Vigdis Riise  
Ansv.red.: Oddvar Haugen  
Referent: Hallkjell Dahle

---

## Fødselsdagar i oktober.

Karl Johan Brandal	16.10.1933
Sigbjørn Haddal	03.10.1944
Trygve Riise	31.10.1934

## 100 % frammøte i oktober.

Johs. J. Hareide, Karin Svendsen Holstad, Svein Egil Kleppe, Aage Nytun, Arve R. Røyseth, Sigurd Bigset, Svein Johs. Flø, Otto Holstad, Hans Otto Riise, Walter Jensen, John Stennes

## Frammøteprosent i oktober.

63,6%

---

---

Stenen i Stefanens Pande --  
Den er Løgneren mod det Sande.  
Taabelige, grumme Haand,  
som vil sigte paa en Aand!  
Ha, hvad Sejersglands, der bryder  
af det Saar, hvis Blodstrøm flyder!

Løgneren kun Sekunden vinder.  
Intet Sandhedsord forsvinder.

Som et Hvift af lette Lin  
løsner styrtende Lavin,  
er Det nok til at begrave  
Verden, naar den er aflave.

Men Det maa ei hviskes stille.  
Sandheds Ven ei blot maa ville.

Vær i Et og Alt dig Selv!  
Det er Sejrens Kunst, min Sjel!  
Som Stefanen mellem Stene  
maa du staae, om selv alene.

---

## OKTOBER 2007 - MÅNADSBREV

### 1. oktober:

Årsmøte i Hareid Rotary Klubb,- det første i historia.

Årsmelding og rekneskap (sjå vedlegg) vart gjennomgått, diskutert og samrøystes vedteke.

**Karin S. Holstad orienterte om dottera, Ingrid, sine erfaringar/ opplevingar dei første 3 månadane som utvekslingsstudent i Australia. Karin viste også video-presentasjonen av Hareid Rotary klubb, heimbygda og familien,- som Ingrid hadde med til Australia.**

” Ingrid reiste til Birdwood, Adelaide Hills, Australia, 12.07.07, som utvekslingsstudent for Rotary Hareid.

På flyplassen vart ho møtt av rådgivaren og kona hans, og ho budde hos dei fyrste veka ho var der. Dei ordna ein del praktiske ting, som telefonkort, bank-konto og fekk presentere henne for fyrste vertsfamila. Det er Carina og Dick Cuttle, som begge er medlemar i Rotary. Allereie etter 1 veke, byrja Ingrid på skule, og ho måtte kjøpe seg uniform. Utan den, kunne ho ikkje møte opp på skulen.

15.aug. var Ingrid 17 år, og ho var på Rotary-møte ilag med Dick. Ho skulle presentere seg, og holdt eit foredrag om seg sjølv, familia, Sunnmøre og Noreg. Dei var ca. 30 tilskodarar denne kvelden, og dei hadde baka kake til henne med 17 lys, og ho fekk bursdagskort og pakkar med dei. Svært kjekt å høyre for oss, at ho vert teken slik vare på. Ho mottok ein vimpel frå deira klubb til Hareid sin klubb, og overleverte vimpel frå Hareid Rotary til guvernøren deira.

18.aug. var rotarystudentane frå Sør-Australia samla i Adelaide, der dei vart kjende med kvarandre.

19-25.aug. reiste dei på safari i Sør-Australia, dei var 17 stk., 13 utvekslingsstudentar og 4 vaksne. Her fekk dei mellom anna vere med på klatring, gullgraving, parkbesøk med masse forskjellige dyr, som koalabjørn, strutsar og kengeruar.

September- Fotballkamp i Adelaide, australsk fotball som er heilt annleis enn norsk.

10.okt. Distriktskonferanse for Rotary i Adelaide. 13 studentar frå heile verda som presenterte seg med flagg frå eigne land. Svært høgtideleg å vere med på. Har fått seg ei veninne frå Canada som ho held mykje lag med, her overnatta ho.

Ingrid likar seg godt på skulen, og ho er ferdig med fyrste semester, som viser at ho fekk svært gode karakterar. Skulen ho går på har 5-600 elevar, og ho er den einaste norske. Og ho stortrivst”.

Ho avslutta helsinga hit denne gangen med:

*Tusen takk for at dere gjidde meg denne utrulege sjansen til å oppleve alt eg har, og skal oppleve dette året her. Eј skal ikkje skuffe dere.*

## **8. oktober:**

**President Åge** ønskte vel møtt,- og spesielt velkommen til Kjell Roger Nevstad som potensiell ny medlem.

**Johs J. Hareide** orienterte om framdrift på Rotary-stien. Det er no i prisippet i orden med avtale med grunneigarane fram gjennom Hareidsdalen heilt til kommunegrensa. Golf-klubben har uttrykt ønske om at stien må gå på "Hovde-sida" av dalen forbi Golfbana. Bruelementa over elva ved osen i nedre ende av Grimstadvatnet er klare frå Spenncon si side, men på grunn av stor lengde vil både transport og montasje bli ei utfordring. Ulike løysingar vart diskutert, men det var ingen tvil om at dette ville la seg ordne.

### **John Stennes** hadde programmet denne kvelden,- ein **presentasjon av ungdoms-utvekslings-ordninga i Rotary.**

Denne ordninga er eit av Rotary sine 9 internasjonale program for å oppnå betre verdsforståing nasjonalt så vel som internasjonalt. Elevar ved den vidaregåande skulen kan søke om å bli utvekslings-student. Hovudformålet med ordninga er å få lære andre språk og kulturar,- samt vere ambassadør for klubb, distrikt og heimland.

Hareid Rotary Klubb har hatt som ambisjon å sende ut/ ta imot student kvart 4.-5.år,- og har stort sett klart å leve etter det.

Det kostar ein del å vere med på ungdoms-utvekslinga. For å gi dei økonomisk svakare klubbane eit muleg høve til å vere med, er det foreslått oppretta ei pool-ordning (NORFO) der ambisjonen er å doble utvekslinga årlig i forhold til no.

Tanken er at poolen skal dekke Sula, Sykkylven, Stranda, Hareid ,Ulstein, Herøy, Ørsta og Volda. Disse klubbane betalar inn eit årleg beløp til ein felles konto som kan bli administrert på rotasjon mellom klubbane som sender ut/ tek imot utvekslingsstudentar etter ein mulig turnusplan. Kostnaden med å ta imot student blir dekt av denne felles kontoen..

John vil orientere/diskutere med dei ulike klubbar utover hausten. Tanken er å kome i gang neste Rotary-år.

## **15. oktober:**

**President Åge** ønskte velkommen,- og hadde innleiingsvis ei kort oppsummering av **Distriktskonferansen i Kristiansund 14.-16.sept** der han og Johs J. Hareide m/ fruer var tilstades. Konferansen vart gjennomført etter tradisjonelt opplegg, bl.a.:

Premiering:

- |   |                              |
|---|------------------------------|
| * Beste frammøte:                             | Midsund RK                   |
| * Beste medlemsutvikling/ høgste kvinneandel: | Spjelkavik RK                |
| * Beste heimeside:                            | Sykkylven RK (Hareid i fjor) |
| * Beste klubb ungdomsutveksling/ Rotaract:    | Charlottenlund               |
| * Beste Rotary-klubb "samla":                 | Skogn RK.                    |

Foredrag ved sterkt handikappa Cato Zahl Pedersen (hadde mist heile venstrehande og halve høgrehanda ved ei ulukke) som m.a. hadde vore på Sydpolen og 200 m !! frå toppen på Mount Everest. Eit sterkt og interessant vitnesbyrd.

Helsingar frå m.a. Verdenspresidenten, Nordiske klubbar ...

Innslag v/Utvekslingsstudentane i vårt distrikt. Dei hadde fått til eit fint program på kort tid. **Kveldens program: Ego-foredrag ved Wenche Johanne Holstad Jøsok.** Etter ein halvtimes "plundring" med å få opp å gå det tekniske utstyret til presentasjonen, fekk vi høyre om ei svært aktiv dame i lokalmiljøet.

Wenche er dotter til Liv Hilde og Johan Jøsok, 39 år og to-barns mor. Ho har teke utdanning m.a. i bedriftsøkonomi og marknadsføring,- og har hatt fleire jobbar på ulike stadar i landet. Ho er no marknadssjef i Kamasi Holding AS som marknadsfører Hareid Hotell, Viking Fjord Hotell, Ørsta og Sagafjord hotell, Sæbø.

Hovudoppgåve: "selje" regionen vår til potensielle turistar. → selje det som **vi** som bor her ikkje ser, men tek for gitt. (Fjord og fjell og vill natur). Satsar også på samarbeid mellom reiseliv og kultur.

Mellom ei rekkje verv bl.a. innen idretten (friidrett) er Wenche også leiar i reiselivsgruppa som sorterer under Hareid Næringsforum. Dei har tre hovud-satsingsområde:

1. **Kvitneset.** Gjere noko meir ut av denne perla.
2. **Overåsanden.** Utvikle spelet og spel-plassen og kanskje få til ein viking-landsby.
3. **Attraktivt Hareid** ved ulike tiltak.

Ho opplyste at det komande år vil bli oppretta turist-Info kontor på Hareid Rådhus. Fleire lurte på om dette ikkje var ei noke upraktisk lokalisering. Men ved hjelp av skilting og ein stor turist-info "I" på hjørnet av rådhuset, meinte ein i kommunen at det skulle fungere...

## **22. oktober:**

### **Dette var oktober månad sitt programfrie møte.**

Etter opningssongen, Å Vestland, Vestland, gjorde president, Åge, medlemene merksam på den fyldige to siders reportasjen om Rotary-stien som stod i Vikebladet/ Vestposten den 18 oktober. Heile prosjektet frå sjøen til Eidet vart presentert i avisa,- men med hovudfokus på monteringa av dei store bruelementa over Hareidselfva ved Grimstadvatnet (osen). Denne montasjen var det knytt litt spenning til pga. vanskelig tilkomst både for store lastebilar og tung mobilkran. Men montasjen gjekk prikkfritt,- og ein milepel i prosjektet vart passert !!.

I ein etterfylgjande liten diskusjon om Rotarystien vart det nemnt at

- gruslaget (toppdekket) er for tynt slik at duken som ligg under grusen, lett kan verte skada,-
- namnet på stien vert diskutert "på bygda", men det var krystallklart blant Rotaryanarane i salen at stien er Hareid Rotary sitt prosjekt,- og at namnet er og skal vere Rotarystien!

Johs J.H. kunne opplyse at der skal meir grus på toppdekket.. Han sa også at det blir diskutert korleis ein kan hindre at stien blir tatt i bruk til "uønska aktivitetar" som m.a. riding (som vil kunne skade duken). Eventuelle fysiske hindringar vil også hindre rullestolbrukarar, - og det var ikkje meininga. Endelig løysing er ikkje klar..

Diskusjonen både om Rotarystien og andre saker fortsette rundt borda til kaffi og vafler

## **29. oktober:**

Tema for møtet: **Energiforsyninga i Midt-Norge.**

Foredragshaldar: **Ragnvald Nærø**, - konserndirektør ved Statkraft.

**Statkraft.** Han starta med å presentere Statkraft som er eit internasjonalt konsern med hovudkontor i Oslo. Selskapet har ei rekkje datterselskap i inn- og utland og er eit av dei leiande på fornybar energi. Konsernet har hatt ei rivande utvikling dei siste 10 åra,- og har 3 forretningsområde:

- a) Ny energi => utvikle og bygge ny miljøvenleg produksjonskapasitet,
- b) Produksjon og marknad => produsere og selje elkraft til storkundar og via kraftbørsar
- c) Regionale selskap => utvikle eigarandelar i slike (m.a Trondheim Energi og Skagerak Energi)

Statkraft satsar på å utvikle nye energiteknologiar,- m.a.bølgekraft, tidevasskraft og saltkraft samt hydrogen som energiberar. Satsar også på FoU (**Forskning og Utvikling**) inann sol- og bioenergi, thorium og CCS.

**Straumprisen.** Det kom fram at straumprisen er ei av folk flest sine største bekymringar. Berre borna sitt oppvekstmiljø og framtid, klimaendringar og trafikkskader gir større bekymring enn straumprisen.

Vi har alle eit inntrykk av kraftprisen har blitt veldig høg i Norge. Statistikken viser likevel at trass i historisk høg pris hausten 2006, så var prisen her til lands nest billegast i Nord Europa. Berre Finland hadde lågare priss enn oss.

Dei fleste av oss har også eit inntrykk av at prisane har stige svært mykje dei siste åra. Statistikken viser at vi har hatt enorme svingningar av ulike årsaker, men i snitt har straumprisen gått opp med "berre" rundt 40% frå 1992 til 2006.

**Kraftmarknaden i Midt Norge.** Iflg Statkraft bidrar opne energimarknader til auka forsyningstryggleik, redusert miljøbelastning og til vekst.

Den norske energilova (først i verda) var vedteken i 1991. Første internasjonale kraftbørs, Nord Pool, var i gang frå 1996. Heile Norden vart ein kraftmarknad i år 2000.

Straumprisen blir fastsett etter tilbod og etterspurnad.

Kvifor regional knappheit på kraft? (jfr.Midt-Norge?)

- Ikkje bygd nok nett. Nokon har ikkje gjort jobben sin.
- Ikkje bygd nok lokal produksjon.
- Overetablering på forbrukssida. Jfr. m.a. Aukra.
- Problem også pga ekstraordinære situasjonar.

Dessutan: "ting tar tid". Ein reknar 5-10 år frå ide til produksjonsklart anlegg.

Generelt sett opplever mange kraftprodusentar det som eit "problem" at eigarane (i stor grad kommuner) velger å ta ut store utbytte istaden for å bygge opp kapital i selskapa som basis for framtidige investeringar/ utbyggingar.

### **Oppsummering:**

- Statkraft er eit av landets største selskap og tek mål av seg til å vere leiande i Europa innan *miljøvenleg* energi.
- Kraftmarknaden er liberalisert og blir stadig meir påverka av internasj. konjunkturar

- Politikerane si oppgåve er å sette ramevilkåra. Denne oppgåva er komplisert og blir sliten mellom kortsiktige krav til popularitet vs.krav til langsiktighet i energibransjen.